

TEMA: Landskapet ①9, Frå urskog til lynghei ①17  
KART: ④428

# Gjuvsland

## GJUVSLANDSSAGA

Ikkje berre utslåttene og beitemarka, men også sagbruket har høyr til fellesressursane på Gjuvslandsgarden. Fire bruk er partseigarar i den vassdrivne saga. Sagrettane høyrde med til utskiftingsgrunnlaget for bruka, delt med ein sjerdepart på kvar: dei tre første dagane i veka i annankvar månad på eitt bruk, dei tre siste dagane i veka på det neste.

Saga vart driven av eit stort underfallshjul som fekk vatn frå ei lita demning i elva ovanfor. I dag står det ei sirkelsag her: tidlegare var det ei oppgangssag. I 1603 veit vi at det var sag på Gjuvsland.

I dag er det berre få att av desse saganene. Gjuvslandssaga er siste fase i ei lang teknologisk utvikling gjennom meir enn 400 år; eit eineståande historisk bilete (④374, ④304).



## BERGVERKSDRIFT I ØLVE

Den eldste kisgruva i fylket, «Christiansgawes Kobberværk», låg i den veldrivne jordbruksbygda Ølve. Men alt i 1636 var det drift på jernerts i Ølve, før kisdrifta tok til. Meir spennande enn stein og malm var sjølvstekt funna av gull i fylket. Ved «gullverket» i Ølve vart det produsert 2 kilo gull i 1886 – der som andre stader med langt større utlegg enn verdien av gullet (④205).

Den eldste bergverksindustrien går likevel lenger attende. I vikingtid og tidleg mellomalder har det vore storproduksjon av baksteheller av kleberstein i Ølve. Det er fleire kleberbrot i fylket (④234, 380, 394), men det største av desse brota finn vi i Ølve – Hatlestrandområdet. Den store produksjonen her og funn frå andre stader tyder på at baksteheller frå Ølve har vore eksportvare.

Bakstehellene vart bearbeidde til rett tjukn ved rissing med ein skarp spiss på kryss og tvers, slik at det vart eit rutemønster på overflata. Ein spenstig teori går ut på at det er dette som er forklaringa på rutemønsteret i vaffeljernet – eit teknisk motiv, ein konvensjon overlevert i tradisjonen heilt frå bakstehellene i mellomalderen.

## GJUVSLANDSLIENE


**I dei bratte, solvende liene ut mot Mauranger og Kvinnberadsfjorden ligg utslåttene til bruka på Gjuvsland; eit eineståande kulturlandskap, i ordets mest bokstavelege tyding. Gjennom generasjon etter generasjon har dette landskapet vore beita og slått på tradisjonelt vis, og edellauvskogslia har vore nytta i gardsbushaldet på same måte i mange hundreår, med styring av alm og ask til attåfor.**

Kvart av bruka på Gjuvsland har hatt ei utløe ved fjorden, og framleis driv nokre av dei seks bruka med sommarslått her. Dei blomengene vi i dag finn på Gjuvsland, er relikvitt frå tidlegare tiders jordbrukslandskap. Det har teke minst 500 år å utvikla desse unike engene. Slik artsrikkdom veit vi ikkje om andre stader på Vestlandet, og truleg finst det berre svært få slike engar som framleis vert skjotta gjennom tradisjonell drift.

I Gjuvslandslia finst òg ein av dei største veksestadene for barlind i landet, og granfeltet som vart planta her for 25 år sidan er no fjerna, slik at barlinden får gode vilkår.

Varaldsøya ligg i skiljet mellom kystklimaet med milde vintrar og innlandet med varme somrar. Øya vert difor ein «møtestad» for austlege, vestlege og sørlege planteartar. I dei solvende liene vert det god middeltemperatur.

Utan drift vil blomengene verta overgrodde og endra seg raskt. Blomar som er avhengige av lys, trakk og beite, vil



Bilete frå 1980-talet.

verta borte. Her som andre stader er det fare for at det gamle kulturlandskapet vil forsvinna, kanskje for alltid. Dette er ressursar som ikkje kan fornyast og som i vår tid inneber rike opplevingsverdier. Det kviler eit stort ansvar på vår generasjon for å forvalta desse verdiane. □



Kart over gruveområdet i Atramadalen i Ølve, teikna av bergråd H.F. Blichfeldt i 1768.